

Årsrapport 2025

Regional vurderingseining for rehabilitering i Helse Vest



Regional vurderingseining for rehabilitering (RVE)

Om arbeidsflyt/aktivitet, pasientflyt og ventetid for vurdering av ny tilvising

Organisering, oppgåver og rapportering

Føringar om organisering, oppgåver og rapporteringsordning ved RVE er nedfelt i mandat frå Helse Vest RHF (2010 og 2025).

RVE er ein funksjon ved Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering, som er organisert som eigen eining ved ReHabiliteringsklinikken i Helse Bergen. RVE har fast to rådgivarar og ein helsesekretær som behandlar alle tilvisingar. Kompetansesenteret har i 2025 i tillegg valt å styrke eininga med 40 % ekstra ressursar, for å ivareta auka oppgåvemengd og sikre kvalitet i tenesteleveransen. RVE har avtale om legespesialisttenester frå Avdeling fysikalsk medisin og rehabilitering, tilsvarande eitt legeårsverk.

RVE behandlar og vurderer tilvisingar til private somatiske rehabiliteringsinstitusjonar, frå fastlegar, avtalespesialistar, og andre tilvisarar utanfor sjukehus. Frå 2025 fekk RVE utvida sitt mandat frå Helse Vest RHF når det gjeld overføring av pasientar frå sjukehus til private somatiske rehabiliteringsinstitusjonar. Tilvisingar frå primærhelsetenesta blir rettsvurderte, og for tilvisingar frå sjukehus vurderer RVE behovet for spesialisert rehabilitering og gir råd til sjukehusavdelinga. Dei fleste tilvisingane ved RVE gjeld pasientar busett i Helseregion Vest.

Den medisinskfaglege vurderinga blei gjennomført av legespesialistar og overlege Turid Nordås ved ReHabiliteringsklinikken har fungert som koordinator for legane. Leiar ved kompetansesenteret er leiar for RVE. Helsesekretær har handsama data frå DIPS til denne rapporten.

For meir informasjon om Vurderingseininga, sjå: <https://helse-bergen.no/regionalt-kompetansesenter-for-habilitering-og-rehabilitering/regional-vurderingseining-for-rehabilitering>

1. ARBEIDSFLYT/AKTIVITET

Nye tilvisingar i 2025 – frå primærhelsetenesta og sjukehus

RVE tok imot til saman 5053 nye tilvisingar. Av desse var 213 tilvisingar feilsendt til eininga. 70 av dei feilsendte tilvisingane omhandla pasientar med sjukleg overvekt. Reelle nye tilvisingar til RVE var 4840, og tabell 1 viser tilvisingar fordelt på føretaksområde.

Tabell 1. Nye tilvisingar fordelt på føretaksområde som tilvisingane kom ifrå (n=4840)


	Helse Stavanger ***	Helse Fonna ***	Helse Bergen **/**	Helse Førde ***	Andre *
Frå primærhelsetenest	784	712	1853	320	58
Frå sjukehus: poliklinikk	91	91	402	35	8
Frå sjukehus: sengepost	36	30	402	13	5
Total (prosent)	911 (22.9)	833 (18.3)	2657 (48.3)	368 (9.2)	71 (1.2)

*Busett utafor Helseregion Vest

** Helse Bergen Pilotavdelingane frå 01.01.25 og dei andre avdelingane frå 01.09.25

*** Helse Stavanger, Helse Fonna, Helse Førde og De private ideelle inkludert 01.11.25

Talet på tilvisingar registrerte ved RVE i 2025 er om lag 1 000 høgare samanlikna med dei siste fem åra. Figur 1 viser talet på alle tilvisingar dei siste seks åra på føretaksområde.



Figur 1. Tal på tilvisingar siste 6 år fordelt på føretaksområde

Den særlege stigninga i talet på tilvisingar frå føretaksområdet Helse Bergen kan forklarast med innføring av ny praksis - overføring av sjukehuspasientar. Den nye praksisen hadde oppstart 1.september, og 1.november i resten av Helse Vest regionen. Tal på tilvisingar frå sjukehus i 2025, dvs. ny praksis (overføring frå sjukehus til de private rehabiliteringsinstitusjonane, jf. nytt mandat 2025) var 1113.

I tabell 2 er alle tilvisingane detaljert på kommunenivå i Helse Vest regionen.

Tabell 2. Fordeling av alle nye tilvisingar mellom kommunane i føretaksområda (n=4769)

Helse Stavanger	Antal	Helse Fonna	Antal	Helse Bergen	Antal	Helse Førde	Antal
Bjerkreim	7	Bokn	4	Alver	191	Askvoll	12
Eigersund	48	Bømlo	46	Askøy	200	Aurland	6
Gjesdal	38	Eidfjord	6	Austevoll	17	Bremanger	12
Hjelmeland	15	Etne	19	Austrheim	21	Fjaler	9
Hå	72	Fitjar	19	Bergen	1475	Gloppen	13
Klepp	63	Haugesund	169	Bjørnafjorden	226	Gulen	18
Kvitsøy	1	Karmøy	181	Fedje	3	Hyllestad	5
Lund	2	Kvinnherad	95	Kvam	44	Høyanger	19
Randaberg	14	Sauda	25	Masfjorden	19	Kinn	76
Sandnes	194	Stord	69	Modalen	7	Luster	8
Sokndal	7	Suldal	14	Osterøy	54	Lærdal	14
Sola	48	Sveio	20	Samnanger	18	Sogndal	29
Stavanger	308	Tysnes	24	Ulvik	4	Solund	7
Strand	40	Tysvær	40	Vaksdal	15	Stad	28
Time	54	Ullensvang	57	Voss	72	Stryn	15
		Utsira	1	Øygarden	291	Sunnfjord	67
		Vindafjord	44			Vik	16
						Årdal	14
SUM	911		833		2657		368

Delytingar

Tabell 3 viser delytingar for tilviste pasientar inndelt i samsvar med delytingar på helsenorge.no, og fordelt på føretaksområde som tilvisinga kom ifrå. Ved registrering og omkodning av tilvisingar blir desse kategoriserte under delyting. Det er uvisse knytt til denne kategoriseringa då informasjon i tilvising varierer. Dersom det ikkje er klart kva delyting som er aktuell, eller det ikkje finst tilbod, blir tilvisinga kategorisert som «Åpen». Kategoriseringa må derfor reknast som ei grovsortering. Endeleg delyting blir fastsett for tilvisingar som får rett til, eller blir gitt råd om, rehabilitering.

Tabell 3. Delytingar for alle nye tilvisingar, fordelt på føretaksområde

Delyting	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Andre*	SUM
Amputasjoner underekstremiteter	3					3
Brudd, ortopedi og slitasjetilstander i skjelett	31	100	360	22	6	519
CFS/ME	18	23	23	4	1	69
CFS/ME, barn og ungdom under 18 år	1					1
Hjerneslag og ervervede hjerneskader	19	18	108	23	4	172
Hjertesykdommer	85	46	143	10	2	286
Hjertesykdommer, kartleggings og vurderingstilbud			1			1
Kreft	42	45	102	24	5	218
Kreft, barn og ungdom under 18 år						
Langvarig muskel- og bløtdelsmerte	220	256	626	100	11	1213
Langvarig muskel- og bløtdelsmerte, kartleggings og vurderingstilbud	2	5	30	4	1	42
Lungesykdommer, kartleggings og vurderingstilbud	1		1			2
Lungesykdommer, rehabilitering	79	37	71	7	7	201
Med arbeid som mål	140	98	377	56	10	681
Med arbeid som mål, kartleggings og vurderingstilbud	4	3	34	8	1	50
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer, barn og unge u 18 år			1			1
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer, MS			1			1
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer, Parkinson		1	2	1		4
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer, spinalskade			1			1
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer,	79	77	460	65	8	689
Revmatologisk sykdom (inflammatoriske)	27	32	26	1	1	87
Sammensatte og/eller komplekse lidelser	13	8	41	6	4	72
Sanseforstyrrelser	16	15	33	6	2	72
Sanseforstyrrelser, Tinnitus		1	4	3		8

Tilpasset fysisk aktivitet familie og utdanning, diagnoseuavhengig, barn/ungdom u/ 18 år	42	21	46	10	2	121
Tilpasset fysisk aktivitet familie og utdanning, diagnoseuavhengig, unge voksne 18-30 år	18	5	39	5	3	70
Tilpasset fysisk aktivitet familie og utdanning, diagnoseuavhengig, voksne over 30 år	1	1	1			3
Åpen	70	41	126	13	3	253
SUM	911	833	2657	368	71	4840


*Pasientar busett utafor Helseregion Vest pr. 31.12.25

Etter registrering og omkoding av tilvising prøver ein å få til at tilvisinga vert pre-vurdert av rådgivar ved RVE før lege gjer endeleg vurdering og avgjerd. Ein kan finne arbeidsprosessen ved RVE på nettsidene til RVE. Tabell 4 visar status etter første vurdering av tilvisingane.

Tabell 4. Status etter første vurdering av alle nye tilvisingar (n=4840)

	Rett/behov og råd for rehabilitering	Avslag	Vurdering ikkje ferdig i 2024
Frå primærhelsetenesta tal (%)	1876 (55.3)	1505 (44.4)	10 (0.3)
Frå sjukehus: poliklinikk tal (%)	627 (77.2)	176 (21.7)	9 (1.1)
Frå sjukehus: sengepost tal (%)	486 (76.3)	150 (23.5)	1 (0.2)
Tal (%)	2989 (61.7)	1831 (37.8)	20 (0.4)

Avslagsprosenten for alle nye tilvisingar i 2025 på 37.8 % inkluderer også tilvisingar frå sjukehus (ny praksis). Dette må ein ta med i vurderinga ved samanlikning med tidlegare år, sjå figur 2.



Figur 2. Avslagsprosent etter første vurdering av alle tilvisingar siste 6 år

Frå sjukehus vart det motteke 1113 tilvisingar, der 486 kom frå sengepost og 627 frå poliklinikk. Tal på avslag (avslagsprosent) frå høvesvis sengepost og poliklinikk var 150 (30,9 %) og 176 (28,1 %), med ein samla avslagsprosent på 29,3 %. Sjå tabell 5 for avslag og avslagsprosent for pasientar frå sjukehus fordelt på føretaksområde.

Tabell 5. Tal på pasientar og avslagsprosent for sengepost og poliklinikk fordelt på føretaksområde

	Sengepost		Poliklinikk		Sum	
	Tal	Avslag (%)	Tal	Avslag (%)	Tal	Avslag (%)
Helse Stavanger	36	10 (27.8)	91	33 (36.3)	127	43 (33.9)
Helse Fonna	30	8 (26.7)	91	29 (31.9)	121	37 (30.6)
Helse Bergen	402	130 (32.3)	402	99 (24.6)	804	229 (28.5)
Helse Førde	13	2 (15.4)	35	12 (34.3)	48	14 (29.2)
Andre*	5	0 (0)	8	3 (37.5)	13	3 (23.0)

*Pasientar busett utafor Helseregion Vest pr. 31.12.25

Den vanlegaste årsaka til avslag var at pasienten bør ivaretakast av førstelinjetenesta etterfølgt av at pasienten har hatt gjentekne opphald utan vesentlege nye aspekt. For fleire detaljer sjå tabell 6 for primærhelsetenesta og tabell 7 frå sjukehus.

Tabell 6. Årsak til avslag etter første vurdering – tilvisingar frå primærhelsetenesta


Årsak til avslag	Tal (%)
Pasienten bør ivareta kast av førstelinetenesta	1056 (57.7)
Pasienten har hatt gjentekne opphald utan vesentlege nye aspekt	299 (16.3)
Ikkje medisinsk indikasjon	253 (13.8)
Andre årsaker	76 (4.2)
Hovudproblemstilling i tilvisinga er psykiatri	47 (3.6)
Diverse	100 (4.3)

Tabell 7. Årsak til avslag etter første vurdering på føretaksnivå – tilvisingar frå sjukehus

Årsak til avslag	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Andre HF	SUM
Pasienten bør ivareta kast av førstelinetenesta	30	33	177	8	2	250
Pasienten har hatt gjentekne opphald utan vesentlege nye aspektar	2		20	4		26
Utfyllande opplysningar manglar		3	7		1	11
Andre årsaker	5		3	1		9
Allerede behandlet	2		6			8
Ikkje medisinsk indikasjon			4			4
For stort hjelpebehov			3			3
Til anna avdeling/oms.nivå			2			2
Postoperativt opphald		1				1
Bør utredast vidare			1			1
Pasient ønska avbestilling			1			1
SUM	39	37	224	13	3	316

Ankar/klager på avgjersle

For primærhelsetenesta behandlar RVE to typar ankar- anke på avslag og anke på frist helsehjelp. RVE har ikkje mottatt anke på frist for helsehjelp i 2025. Ved anke på avslag blir ny vurdering av tilvisinga hovudsakleg gjennomført av ein annan lege. Dersom RVE held fast på opphavleg avgjersle og det går frem at pasienten ønsker å klage, blir tilvisinga med anke avslag vidaresendt til Statsforvaltaren i Vestland. For tal og detaljer om anker på avslag til RVE, sjå figur 3.



Figur 3. Oversikt over anker i 2025

Retur av tilvisingar frå rehabiliteringsinstitusjonane til RVE

28 tilvisingar kom i retur frå rehabiliteringsinstitusjonane til RVE etter at tilvisingane var ferdigvurdert og vidaresendt til institusjon. 22 av desse blei sendt til annan institusjon, medan 1 av dei tilviste pasientane fekk tilbod på opphavleg institusjon. Ved 5 tilvisingar har rehabiliteringsinstitusjon hatt/mottatt nye opplysningar som førte til avslag.

2. PASIENTFLYT

Pasientflyt i Helseregion Vest

Det var 2695 pasientar som blei tildelt rehabiliteringsinstitusjon i Helse Vest. Tabell 8 viser kor mange ferdigvurderte tilvisingar (nye i 2025 + ankar på avslag som fekk medhald i 2025) som blei vidaresendt til privat rehabiliteringsinstitusjon som hadde avtale med Helse Vest RHF, fordelt på føretaksområde.

Tabell 8. Tal på pasientar på rehabiliteringsinstitusjon i Helse Vest fordelt på føretaksområde

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Andre*	SUM
Nærland Rehabilitering	131	21	11		3	166
Ravneberghaugen Rehabiliteringssenter	56	108	453	11	5	633
Rehabilitering Vest A/S	63	148	9			220
Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter	44	88	514	160	16	822

Åstveit Helsesenter	56	71	593	18	6	744
Falck A/S	93				1	94
PTØ-Stavanger	6					6
Barnas Fysioterapi- senter og turbo		2	6	1	1	10
SUM	449	438	1586	190	32	2695

Det var 386 pasientar som fekk tildelt plass utanfor region Helse Vest, der flest vart tildelte plass i Helse Sør-Øst. For nærmare detaljar, sjå tabell 9.

Tabell 9. Tal på pasientar på rehabiliteringsinstitusjon utanfor region Helse Vest fordelt på føretaksområde

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Andre*	SUM
Beitostølen Helsesportsenter	31	14	50	8	3	106
Stiftelsen Cato Senteret	4	2	14	4	1	25
Helsepartner Alta			2			2
HLF Rehabilitering AS	4	3	4	1		12
Lovisenberg rehabilitering	6	4	6	3	1	20
MS- Senter Hakadal	6	10	31	4	2	53
Muritunet Senter for Mestring og Rehabilitering				3	1	4
Ptø Gardermoen			2			2
Rehabiliteringssenteret AIR	5	33	14	3	2	57
Ringen Rehabiliteringssenter			1			1
Røysumtunet	2	1	1			4
Signo Conrad Svensen Senter			1			1
Skogli Helse- og Rehabiliteringssenter	1	3	4		1	9
Sørlandets Rehabiliteringssenter,Eiken	37	7	5	1		50
Unicare Bakke	3					3
Unicare Fram	2					2
Unicare Landaasen	1	1				2
Unicare Nord-Norge			2			2
Unicare Røros	2		3			5
Unicare Steffensrud Rehabilitering			6		1	7
Valnesfjord Helsesportssenter	2		1			3
Vigør Rehabiliteringssykehus	1		1			2
Vikersund Bad Rehabiliteringssenter	4	2	7	2	1	16
SUM	111	80	153	29	10	388

Som det går fram av tabell 9, var Beitostølen Helsesportssenter, Sørlandets Rehabiliteringssenter, Eiken, Rehabiliteringssenteret AIR og MS-senteret Hakadal dei mest

brukte institusjonane utafor Helseregion Vest, $n \geq 50$. Tabell 10a, b, c og d viser delytingar og alder hjå pasientane som fekk tilbod på førnemnte rehabiliteringsinstitusjonar.

Tabell 10a. Pasientar tildelt plass ved Beitostølen Helsesportsenter fordelt på delyting og alderskategori

	Alder			
Beitostølen Helsesportsenter	0-17	18-30	31-81	SUM
Nevrologisk og nevromuskulær sykdom		1	22	23
Tilp fysisk akt, fam og utdanning, diagnoseuavhengig barn/ungdom u 18 år	66			66
Tilp fysisk akt, fam og utdanning, diagnoseuavhengig unge voksne 18-30 år		14	1	15
Tilp fysisk akt, fam og utdanning, diagnoseuavhengig voksne over 30 år			2	2
SUM	66	15	25	106

Tabell 10b. Pasientar tildelt plass ved Sørlandets rehabiliteringssenter, Eiken, fordelt på delyting og alderskategori

	Alder		
Sørlandets Rehabiliteringssenter, Eiken	18-30	31-65	SUM
CFS/ME	8	15	23
Langvarig muskel og bløtdelssmerte	2	17	19
Med arbeid som mål	0	8	8
SUM	10	40	50

Tabell 10c. Pasientar tildelt plass ved Rehabiliteringssenteret AIR fordelt på delyting og alderskategori

	Alder		
Rehabiliteringssenteret AIR	18-30	31-65	SUM
CFS/ME	2	10	12
Med arbeid som mål	14	31	45
SUM	16	41	57

Tabell 10d. Pasientar tildelt plass ved MS-Senteret Hakadal fordelt på delyting og alderskategori

MS-Senteret Hakadal	Alder		SUM
	18-30	31-72	
Nevro og nevromuskulære sykdommer	5	48	53
SUM	5	48	53

Pasientar kan nytte seg av «Fritt val av behandlingsstad». Det var flest tilvisingar der rehabiliteringsinstitusjon ikkje var oppgitt, n = 910. For fleire detaljar, sjå tabell 11.

Tabell 11. Oversikt over institusjonsønske som var oppgitt i tilvisinga

Behandlingsstad	Tal
Institusjonsønske ikkje oppgitt	910
Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter	656
Institusjon utanfor Helseregion Vest	371
Åstveit Helsesenter	361
Ravneberghaugen Rehabiliteringssenter	321
Rehabilitering Vest AS	133
Nærland Rehabilitering	176
Falck A/S	48
PTØ Senteret Stavanger	6
Barnas Fysioterapisenter	7
SUM	2989

Om val av behandlingsstad

Av dei 388 pasientane som fekk tilbod om rehabilitering utafor Helse Vest (tabell 9), var det 11 pasientar som hadde oppgitt ønske om plass ved institusjon i Helse Vest. I tillegg var det 37 pasientar som ikkje hadde oppgitt institusjonsønske i tilvisinga.

Desse til saman 48 pasientane fekk tilbod om rehabilitering utanfor Helse Vest som følge av lange ventetider i eigen region, eller at det ikkje er tilbod på aktuell delyting i eigen region. (Største gruppe av desse var CFS/ME (n=19) som det ikkje er tilbod om i Helse Vest).

RVE tok imot melding om at 69 pasientar ønska å nytte ordninga om fritt val av behandlingsstad etter at tilvisinga deira var vurdert og dei hadde fått tilbod om rehabilitering på institusjon i Helse Vest. Av desse ønskte 54 pasientar tilbod på ein annan institusjon i regionen, mens 15 pasientar ønskte ein institusjon utanfor Helse Vest.

Tilvisingar som fekk innvilga spesialisert rehabilitering ved privat rehabiliteringsinstitusjon fordelt på delytingar

Tabell 12 viser fordeling av dei 3081 pasientane som blei vurdert til å ha behov for rehabilitering ved privat rehabiliteringsinstitusjon fordelt på delytingar.

Tabell 12. Delytingar for tilvisingar (nye i 2025+ ankar på avslag som fekk medhald i 2025) som blei vurdert til å ha behov rehabilitering ved privat rehabiliteringsinstitusjon

Delyting	Tal
Amputasjoner underekstremiteter	3
Brudd, ortopedi og slitasjetilstander i skjelett	291
CFS/ME	48
Hjerneslag og ervervede hjerneskader	105
Hjertesykdommer	196
Hjertesykdommer , kartleggings og vurderingstilbud	1
Kreft	163
Langvarig muskel- og bløtdelsmerte	654
Langvarig muskel- og bløtdelsmerte, kartleggings og vurderingstilbud	45
Lungesykdommer, kartleggings og vurderingstilbud	1
Lungesykdommer, rehabilitering	118
Med arbeid som mål	594
Med arbeid som mål, kartleggings og vurderingstilbud	52
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer,	473
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer, barn og ung u 18 år	1
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer, Parkinson	3
Revmatologisk sykdom (inflammatoriske)	55
Sammensatte og/eller komplekse lidelser	63
Sanseforstyrrelser	52
Sanseforstyrrelser, Tinnitus	5
Tilpasset fysisk aktivitet familie og utdanning, diagnoseuavhengig, barn/ungdom u/ 18 år	90
Tilpasset fysisk aktivitet familie og utdanning, diagnoseuavhengig, unge voksne 18-30 år	62
Tilpasset fysisk aktivitet familie og utdanning, diagnoseuavhengig, voksne over 30 år	2
Åpen	4
SUM	3081

Av tabell 12 er det tre delytingar som skil seg ut; langvarig muskel- og bløtdelssmerte med 699 pasientar, rehabilitering med arbeid som mål med 646 pasientar og nevrologiske og nevromuskulære sjukdommar med 477 pasientar. Tabell 13 viser dei tre delytingane fordelt på alder.

Tabell 13. Langvarig muskel- og bløtdelssmerte, arbeid som mål og nevrologiske /nevromuskulære sykdommer fordelt på alder

Delyting	Alder					
	18-25	26-35	36-49	50-62	>63	SUM

Langvarig muskel- og bløtdelsmerte inkl kartlegging	18	87	236	268	90	699
Med arbeid som mål inkl kartlegging	25	133	277	194	17	646
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer	11	44	103	134	185	477
SUM	54	264	616	596	292	1822

Frå sengepost ved sjukehus kjem dei fleste tilvisingane som gjeld delytinga Brudd, ortopedi og slitasjetilstander i skjelett. For fleire detaljar, sjå tabell 14. Frå poliklinikk ved sjukehus kjem dei fleste tilvisingane som gjeld delytinga Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer. Desse tala må sjåast i samanheng med at Nevrologisk klinikk og Ortopedisk klinikk i Helse Bergen gjennom heile 2025 har sendt tilvisingane til RVE, som følge av pilot i forkant av ny praksis.

Tabell 14. Tal på tilvisingar frå sengepost ved sjukehus fordelt på delyting

Delyting	Råd/behov rehabilitering	Ikkje råd/behov rehabilitering	SUM
Brudd, ortopedi og slitasjetilstander i skjelett	135	84	219
CFS/ME		1	1
Hjerneslag og ervervede hjerneskader	27	2	29
Hjertesykdommer	73	27	100
Kreft	4	2	6
Langvarig muskel- og bløtdelsmerte	8	4	12
Lungesykdommer, kartleggings og vurderingstilbud	1		1
Lungesykdommer, rehabilitering	6	3	9
Med arbeid som mål	2	2	4
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer,	67	19	86
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer, barn og ung u 18 år	1		1
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer, Spinalskader		1	1
Sammensatte og/eller komplekse lidelser	8	1	9
Tilpasset fysisk aktivitet familie og utdanning, diagnoseuavhengig, barn/ungdom u/ 18 år	1		1
Tilpasset fysisk aktivitet familie og utdanning, diagnoseuavhengig, unge voksne 18-30 år	1		1
Åpen	2	4	6
SUM	336	150	486

Tabell 15. Tal på tilvisingar frå poliklinikk ved sjukehus fordelt på delyting

	Behov/råd rehabilitering	Ikkje behov/e råd/behov rehabilitering	SUM
Brudd, ortopedi og slitasjetilstander i skjelett	85	51	136
Hjerneslag og ervervede hjerneskader	7	1	8
Hjertesykdommer	24	15	39
Kreft	12	5	17
Langvarig muskel- og bløtdelsmerte	21	11	33
Langvarig muskel- og bløtdelsmerte, kartleggings og vurderingstilbud	4		4
Lungesykdommer, rehabilitering	16	15	31
Med arbeid som mål	56		56
Med arbeid som mål, kartleggings og vurderingstilbud	4		4
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer,	170	64	234
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer, Parkinson	1	1	2
Revmatologisk sykdom (inflammatoriske)	9	5	14
Sammensatte og/eller komplekse lidelser	1		1
Sanseforstyrrelser	3		3
Tilpasset fysisk aktivitet familie og utdanning, diagnoseuavhengig, barn/ungdom u/ 18 år	23	4	28
Tilpasset fysisk aktivitet familie og utdanning, diagnoseuavhengig, unge voksne 18-30 år	13		13
Åpen		4	4
SUM	449	176	627

Tilbod om oppfølgingsopphold

Rehabiliteringsinstitusjonane kan gi tilbod om oppfølgingsopphold innanfor avtalen som blei etablert for institusjonane i Helseregion Vest frå 2012. I 2025 var det 22 oppfølgingsopphold. Sjå tabell 16 for oversikt over oppfølgingsopphold ved institusjonar.

Tabell 16. Oversikt over tal på oppfølgingsopphold ved rehabiliteringsinstitusjonar

Rehabiliteringsinstitusjon	Tal
Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter	17
Rehabilitering Vest A/S	2
Åstveit Helsesenter	2
Ravneberghaugen Rehabiliteringssenter	1
SUM	22

Pasientar som, etter å ha fått innvilga, ikkje tok imot tilbod om rehabilitering

Pasientar kan av ulike årsaker ha behov for å avbestille eit planlagt rehabiliteringsopphald eller utebli frå eit planlagt opphald. I 2025 var det 185 pasientar som ikkje tok imot tilbodet, mot 113 i 2024. Tabell 17a viser tal og årsaker til at pasientar som vart vurderte til å ha behov for spesialisert rehabilitering i privat rehabiliteringsinstitusjon, likevel ikkje tok imot eller møtte opp til rehabilitering. I tabell 17b er det spesifisert kva for rehabiliteringsinstitusjonar dette gjeld, og for kva alderskategoriar.

Tabell 17a. Oversikt over tal på pasientar som ikkje tok imot tilbod om spesialisert rehabilitering ved privat rehabiliteringsinstitusjon

Årsak	Tal
Pasient avbestilte opphald	130
Møtte ikkje/ingen beskjed	46
Pasienten sjuk på tidspunkt for opphald	6
Andre årsaker	3
SUM	185

Tabell 17b. Oversikt over tal på pasientar på institusjon og i alderskategori, som ikkje tok imot tilbod om spesialisert rehabilitering ved privat rehabiliteringsinstitusjon.

Rehabiliteringsinstitusjon	0-17	18-35	36-62	>63	SUM
Åstveit Helsesenter		8	35	34	77
Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter	2	15	23	5	45
Ravneberghaugen Rehabiliteringssenter		3	10	5	18
Rehabilitering Vest		2	10	2	14
Rehabiliteringssenteret AIR		6	2	1	9
Beitostølen Helsesportsenter	2	1	3		6
Falck Norge		1	2		3
Sørlandet Rehabiliteringssenter, Eiken			3		3
Unicare Steffensrud			3		3
Skogli Helse og rehabiliteringssenter		2			2
Nærland Rehabilitering			1		1
Ringen Rehabilitering			1		1
Unicare Landaasen				1	1
Unicare Røros			1		1
Valnesfjord Helsesportsenter	1				1
SUM	5	38	94	48	185

3. Svartidar

Svartid for fullført vurdering av nye tilvisingar

I 2025 var fristbrotprosenten 1,0 %, mot 12,7 % i 2024, og 1.2 % i 2023.

Tabell 18 og 19 viser svartider for vurdering av alle nye tilvisingar som vart mottekne i 2025. For tilvisingar frå primærhelsetenesta og tilvisingar frå poliklinikk ved sjukehus skal RVE vurdere tilvisinga og sende svar til pasienten innan 10 virkedagar. Frå sengepost er fristen 4 virkedagar.

Tabell 18. Svartid for fullført vurdering av nye tilvisingar frå primærhelsetenesta og poliklinikk ved sjukehus (n=4567)

Vurderingstid*	Tal
Innan 10 virkedagar	4514
> 10 virkedagar	53

*) en virkedag er definert som alle dagar som ikkje er helg, heilagdagar eller offentlege fridagar

Tabell 19. Svartid for fullført vurdering av nye tilvisingar frå sengepost ved sjukehus (n=486)

Vurderingstid sengepost* n=486	Tal
0 virkedagar (mottattdato)	305
1-4 virkedagar	170
> 4 virkedagar	11

*) en virkedag er definert som alle dagar som ikkje er helg, heilagdagar eller offentlege fridagar

Bergen, 16. januar 2026

Vegard Pihl Moen

Leiar

Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering